

## **Vyrde Veiking!**

I år kastar Veikingkonvoien loss for vistnok **17.** gong. Nok ein gong har presset frå Florøfolk, Værlendinga, Ålfotingar og andre føter gjort at vi rustar oss til landets største båtkonvoi!

Fredag dreg vi ut til idylliske **Askrova**. Grendalag og handelsmann stiller med kaier og flytebrygger, pub og grilltelt, og kveldsopen butikk. Florøbandet Punch spelar opp til kaidans., så her er det duka til dans og fest langt ut i dei små timar. Sjølv sagt blir det servert kulinariske gleder for strupe og mage til langt på natt! Hugs Brylcreme og Stomatol!

Laurdag vaknar vi sjølv sagt til strålande solskin! Etter sortering av dieselfilter, mjølkeglas, solkrem og kaviar, dunkar vi oss vidare til **Rognaldsvågen** der bygdefolket tek vel i mot oss. Her skal vi nyte det late liv; preike med gamle kjende, spele gitar og synge åndelege songar. I grendahuset vert det servering av mat og drikke -med smakebitar av kveldens dansemusikk og underhaldning. Utover kvelden vert det grilling og dans. Per Bolstad m/fl. syter for variert og fin dansemusikk for vaksne.

I god Veikingstil vert det ikkje hamneavgift nokon stad. På Askrova kostar dansebilletten kr 100,- /kr 150,- e.kl. 2200, i Rognaldsvågen er prisen kr 100,- / kr 200,- e. kl. 2200. Dette har alle råd til å betale!

Som vanleg er det grendelaga og lokale eldsjeler som gjer alt arbeidet. Vi i konvoileinga er nøgd med rosande omtale -og eit kyss på kinnet eller ein annan stad. Elles er det sjølv sagt viktig for oss at konvoien går fint føre seg, utan slåsting, båtfull og anna farkeskap. Avgifta, kr. 9,- pr. båt (=brevporto) betalar du på kaia. Båtar over 30 fot betalar dobbel avgift, men trøysta får vere at kajakkar går som B-post!  
**Hugs å kjøpe T-skjorte !!! Støtt dei veike!! Veeel møøøtt!!**

## **Fredag 28. juni:**

**1800:** Samling på Florevika ,rens av forgassar og slikt.

**1830:** Revelje – avgang

**1930:** Askrova

- Konvoiavgifta
- T-skjorter
- Sal av mat og Hansa-brus

**2200:** Dans med Punch!

- Grillmat og slikt

**2500:** Song og spel i gavl og kratt

## **Laurdag 29.juni:**

**0855:** Revelje, frukost, hamstre på butikken

**0900:** Sortering av mjølkeglas, dieselfilter, solkrem og kaviar

**1200:** Revelje – avgang

**1400:** Landkjønning, Rognaldsvåg

- Velkomst, musikkinnslag
- Song og spel
- Matservering i grendahuset
- Kulturelle innslag

**2100:** Dans med Per Bolstad! lettare servering

**2500:** Jag vill ha dig!

## **Søndag 30. juni:**

**0855:** Revelje

**1100:** Høgmesse (hugs radio!) –heimreise.



# BestMarin

---

## Solheim Diesel

**Florø Bil & Havneservice AS**

Strandavegen – 6900 Florø  
Tlf. 57 74 05 30



**Mobil** 

Bunkring fra flytebrygge døgnet rundt

# Florø Skyssbåt



TLF. 913 77 272 / 482 58 780 - [www.skyssbat.no](http://www.skyssbat.no)

[www.krusereklame.no](http://www.krusereklame.no)

# Veikingkonvoien

## 2013

*Florø - Askrova - Rognaldsvåg*

*28.-30.juni*



# Veik - Var - Vinglete

[www.veikingkonvoien.com](http://www.veikingkonvoien.com)